



Vestland
fylkeskommune



Temaplan for privatarkiv i Vestland 2025-2029

Årsplan 2025-2026

Til vedtak i hovudutval for kultur, idrett og inkludering 17.09.2025

Innleiing

Årsplanen er eit styringsdokument for arbeidet med å følgje opp Temaplan for privatarkiv i Vestland. Den viser tiltaka Vestland fylkeskommune skal gjennomføre i 2025 og 2026, og kven vi skal samarbeide med for å nå målsetjingane.


Retning og reiskap:

Temaplanen lyfter fram ein visjon om «eit folkearkiv i Vestland» og set som mål «å demokratisere arkiva». Dette føreset gode rammevilkår, og eit velfungerande regionalt samarbeid i eit sterkt og berekraftig fagmiljø. Vestland fylkeskommune sine roller som samfunnsutviklar, rettleiar og høyringspart er difor viktige, ikkje minst at fylkeskommunen er tenesteleverandør på arkivfeltet som bevaringsinstitusjon og som koordinerande institusjon for privatarkiv i Vestland. Den samla kontinuerlege innsatsen til fylkeskommunen er sentrale verkemiddel i oppfølginga. Innsatsen inneber ytingar i form av:

- å sikre kompetanse og utvikle kunnskap innan privatarkivfeltet for heile fylket
- å byggje samarbeid, nettverk og partnerskap
- å rettleie kommunar og innbyggjarar
- å vere høyringspart både lokalt og nasjonalt
- innsamling, vern, formidling og digitalisering av arkiv
- å ta ansvar for å samordne innsatsen på privatarkivfeltet i fylket
- å fungere som eit regionalt kompetansesenter
- å vere bindeledd mellom Arkivverket og lokale bevaringsinstitusjonar i Vestland

Arbeidet vårt skal medverke til å møte innbyggjarane sine behov for samordna og inkluderande tilgjenge til eigen kultur og samfunnsdokumentasjon.

Temaplanen stakar ut kursen gjennom tre satsingsområde som trekkjer privatarkivarbeidet framover dei neste fire åra. Dei prioriterte tiltaka i årsplan 2025-2026 er ordna etter desse tre satsingsområda.





*Både samtida og fortida skal finnast i arkiva.
Temaplanen viser veg og retning for vern av
privatarkiv i Vestland dei neste fire åra.*

(Temaplan for privatarkiv i Vestland 2025-29, s. 3).

Prioriterte tiltak

Satsingsområde 1: Alle skal ha tilgjenge til kunnskapen privatarkiva rommar

Tiltak	Aktuelle samarbeidspartar	Delmål i satsinga
Vidareføre og utvide det digitale undervisningsopplegget for skuleelevar og studentar.	Høgskulen på Vestlandet Tidvis FoU-partnarar	Delmål 1: Privatarkiva i Vestland skal vere tilstrekkeleg ordna og registrerte. Delmål 2: Innbyggjarrettane skal sikrast gjennom universelle og inkluderande tenester som legg til rette for bruk av arkiva. Delmål 3: Privatarkivvernet skal fremje samhandling og samskaping med frivillige og sivilsamfunnet elles.
Kartlegge ordningsetterslep i privatarkiva i Vestland.	Bevaringsinstitusjonar i fylket	
Lage rettleiande prinsipp til å bestemme ordningsgrad og registreringsnivå for privatarkiv som skal publiserast på arkivportalen.	Privatarkivnettverket i Vestland Arkivverket	
Greie ut ei registreringsløysing som sikrar publisering av privatarkiv også for institusjonar som ikkje har arkivsystemet ASTA.	Privatarkivnettverket i Vestland	
Utforme rettleiande prinsipp for å planlegge og prioritere privatarkiv som skal digitaliserast.	Privatarkivnettverket i Vestland	
Etablere ressursgrupper som kan fungere som kontaktledd og fremje samarbeid og nettverksbygging med organisasjonar og friviljuge	Lag og organisasjonar (m.a. Vestland kulturnettverk og Vestland kulturkrets) Samarbeidskomiteen for frivilligheit Kommunar i Vestland	
Gjennomføre pilotprosjekt om arkivregistrering for frivillige og private	Innbyggjarar Organisasjonar (t.d. historielag eller andre representantar for innbyggjargrupper eller næringsliv)	

Prioriterte tiltak

Satsingsområde 2: Privatarkiva skal bidra til heilskapleg samfunnsdokumentasjon i Vestland

Tiltak	Aktuelle samarbeidspartar	Delmål i satsinga
Lage samhandlingsplan for bevaringsinstitusjonane i Vestland	Privatarkivnettverket i Vestland Samlingsrådet Arkivråd Vestland	Delmål 1: Dokumentasjonen om samfunnsgrupper som ikkje er rettvist tekne med, skal styrkjast Delmål 2: Dokumentasjon om viktige næringsvegar skal styrkjast
Gå i dialog med organisasjonar og interessegrupper som kan bidra til kunnskap og dokumentasjon av etniske minioritetar og personar med innvandrarbakgrunn.	Vestland innvandreråd Lokale lag og organisasjonar Kommunar i Vestland	
Kartlegge og samle inn samfunnsdokumentasjon frå privat sektor i kystkommunane i gamle Hordaland.	ArkiVest Kommunane Bergen byarkiv Næringslivsaktørar	
Vidareutvikle og etablere samarbeid med organisasjonar og ressurspersonar i innsamlingsarbeidet frå samfunnsområdet fiske, fangst og oppdrett	Sør-Norges Fiskarlag Museum Vest Komunane (fyrst og fremst Fedje, Fitjar og Stord) Historielag m.v. Næringslivsaktørar	
Byggje nettverksgrupper med reiselivsverksemder, organisasjonar og kunnskapsmiljø knytte til reiselivshistoria i fylket.	Høgskulen på Vestlandet Reiselivsmuseet Reiselivs-verksemder og -organisasjonar	
Gjennomføre ein forstudie om mogleg nasjonal sektorsatsing på reiselivsdokumentasjon og Vestland som sentrum for vern og formidling av reiselivshistorie	Høgskulen på Vestlandet Universitetet i Bergen Relevante forskingsmiljø Reiselivsmuseet Arkivverket	
Sikre arkivet etter Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane	Fjord1	

Prioriterte tiltak

Satsingsområde 3: Vestland skal vere ein leiande region for vern av privatarkiv

Tiltak	Aktuelle samarbeidspartar	Delmål i satsinga
Gjennomføre prosjektet Kulturgeografisk registrering - eit Vestlandsarkiv, (KGR-arkivet).	Universitetet i Bergen	Delmål 1: Samarbeid om kunnskapsutvikling, kunnskapsdeling og berekraft skal styrke kompetanse og tenesteutvikling i arkivinstitusjonane i Vestland. Delmål 2: Privatarkivvernet skal bidra til at kunnskap om arkiv og funksjonen til arkiva vert kjende for innbyggjarane.
Digitalisere bygnings- og eigedomsdokumentasjon frå KGR-arkivet.	Nasjonalbiblioteket	
Formidle arkiv som kunnskapskjelder til kompetansemiljø som treng auka kunnskap om arkiv i verksemda dei driv.	Kommunane Historielag Frivillige	
Publisere artiklar om utvalde privatarkiv	Universitetet i Bergen (Kringom.no) Privatarkivnettverket	
Arbeide for samordning av nasjonale tenester for publisering av digitaliserte privatarkiv i Vestland	Arkivråd Vestland Arkivverket Nasjonalbiblioteket	
Gjennomføre pilotprosjekt på sikring og bevaring av munnlege intervju knytt til migrasjonsminne.	Memoar	
Bygge partnerskap med utdanningsinstitusjonane i Vestland om studietilbod og ein arkivvitskap som styrkjer arkivfaget og sikrar rekruttering.	Høgskulen på Vestlandet Universitetet i Bergen Arkivinstitusjonane i Vestland	



Privatarkiva inneheld ytringar om samfunnsgrupper, saksfelt, rettar og nærings- og organisasjonsliv i Vestland. Dei er skapte av folk i Vestland og høyrer til samfunnsdokumentasjonen i Vestland. Dei gir innsikt i samtida og fortida, og er ein del av identiteten vår.

(Temaplan for privatarkiv i Vestland 2025-29, s. 3).